



Gil hadde ikkje stort publikum i kveld men heldt dampen oppe!

Det er ikkje alltid så lett å verta klok på publikum i Uskedalen. Til dømes har korkje verten Magne Huglen eller vi nokon fonuftig forklåring på at det kom berre rundt 10 i kjedlaren ikveld for å høyra den allsidige trubadur Gil Edwards. Det var imponerende at han likevel makta å halda dampen oppe og gje publikum ei fin oppleving.

Gil som kjem frå Oregon i USA men har gjort sunnmøring av seg, held fast i dei musikalske røtene sine og dei pleier han godt. Det gjeld både eigenkomponerte og andre låtar.

Forståeleg nok har han ikkje gjeve seg i kast med eit norsk repertoar, men han hadde eit muntert forsøk i kveld - med Postman Pat på tilnærma norsk.

Ellers var det store sprang i programmet men i heile konserten imponerte Gil med

sitt gitarspel og si rungande røyst. Han har også ein eigen evne til å småprate med publikum.

Dei som ikkje var der gjekk glipp av noko! Snart kjem Gil forresten med ei ny plate!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen